

Til stades:

| | |
|----|---|
| 4a | X |
| 4b | X |
| 4c | X |
| 4d | X |
| 5a | X |
| 5b | X |
| 5c | - |
| 5d | - |
| 6a | X |
| 6b | - |
| 6c | X |
| 6d | X |
| 7a | X |
| 7b | X |
| 7c | X |
| 7d | X |

06.03.20 Elevrådsmøte om sosiale medier

1. Kva type sosiale medier blir brukt av elevar på 4.-7.tr?

Snapchat, Tik tok, Instagram, Houseparty, Facebook, YouTube, SMS, Group Me, Showbie, Yolo
Chat inni spel: Roblox, PlayStation, MineCraft, FIFA, Wordfeud

2. Korleis brukar elevar på 4.-7.tr sosiale medier?

Mange som deler bilete og skriver meldinger til kvarandre

Skriv tullelede meldingar på Wordfeud

Gjer avtaler i sosiale medier

Leggje ut/dela videoer

Ser på og deler bilete på Insta

På Tik Tok kan ein skriva negative og stygge kommentarer

På Snap kan ein baksnakke andre. Då veit dei ikkje om det

På Insta kan ein kommentere andre sine bilete, kan vera negative kommentarer

Dela bilete av andre utan å spørje dei først

I nokre appar er ein anonym, då kan ein på ein måte skriva det ein vil

På Roblox kan nokre skriva stygge ting til deg, og du veit ikkje kven det er

Fleire har blitt mobba i Yolo

Aldersgrenser:

Elevane på 7.trinn fyller 13 dette året

Elevane på 6.trinn fyller 12 dette året

På Tik tok er det 13-års grense. Mange på 4.trinn, 5.trinn og 6.trinn har dette.

Facebook har 13-års grense. Mange på 5.trinn og oppover har FB. Nokre få på 4.trinn har FB.

17-års grense på YouTube-kanal, innlogging. Nokre få elevar på 4.-7.trinn har dette.

Houseparty har grense 12.

3. Korleis bør det vera?

At ingen skriv stygt om andre, heller skriva fine ting

Om nokon sender/deler bilete av deg utan at du veit det må du tenka på om DU hadde likt det

Hvis eit bilete er stygt, kan du heller beholde det sjølv, ikkje dela det

Hvis du er frista til å skriva noko stygt, må du heller holda det inni deg

Aldersgrenser:

På Tik tok kan du avgrense slik at det bare er venner som kan sjå og kommentere. Då er kanskje 12 år for høgt.

(Men ein kan likevel blir hakka) Det burde vera sånn at det ikkje gjekk an å hakka.

På YouTube er det mykje for barn og mykje som *ikkje* er for barn. Det fins og YouTube Kids.

I nokre appar kan ein vera anonym, det burde ikkje vera sånn.

4. Kva gjer foreldra til elevar på 4.-7.trinn?

7.klassing: Eg hadde lyst på Tik Tok då eg var yngre, men eg fekk ikkje

6.klassing: Eg har lyst på Insta, men får ikkje

Ein far har også brukar på Tik Tok og kan følgje med på det ungen gjer (men ikkje det som er privat)

Bruk av Familiedeling slik at om ein vil ha ein app, må den godkjennast av foreldre

På 6.trinn er det mange som har appar sjølv om dei ikkje er gamle nok. Foreldrene veit om det! Dei stolar på ungen sin.

Nokre kan lasta inn det dei vil utan passord til Apple-ID eller foreldregodkjenning.

Innlevering av mobilen før me legg oss.

Nokre har det sånn at foreldrene har koden til mobilen og sjekker innimellom. Passer på at ikkje ungen blir mobba eller har skrive stygge ting sjølv.

Mange seier ifrå til foreldrene sine om dei opplever ubehagelige ting i sosiale medier.

Det er mange som brukar funksjonen Screenshot.

Nokre har regel om at det er greit med 2 stk sosiale medier/appar

Nokre MÅ vera så gamle som aldersgrensa er

5. Kva kan foreldra gjere meir av for å gjere det tryggare for ungane?

Dei må sjekke mobilen kvar dag om det er noko

Dei må spørje ungen sin kvar dag om det har skjedd noko dumt

Spørje ungen sin om kva dei held på med på mobilen

Foreldre bør vita koden til mobilen til ungen sin. Men kor lenge då? Til dei er konfirmant.

Foreldre må ikkje dela apple-id passordet til ungen sin. Nokre låser opp med Face-ID eller Touch-ID

Foreldre må sette seg inn i korleis ein gjer dei rette innstillingane på mobilane til ungane. Hvis det blir for vanskeleg, må dei snakka med ungen sin og spørje om å få sjå innhaldet.

Foreldre må bli flinkare til å samla inn mobilen når ungane legg seg. Eller i alle fall ha reglar for å ikkje bruka etter legging.

Det går an å leggje inn Skjermfri-tid! Då er det bare foreldre som kan koden. (Men det går an å trykka «ignorer skjermtid...)